

# Vaksine mot pneumokokksykdom

Pneumokokk er ein bakterie som kan gi lungebetennelse, øyrebetennelse eller biholebetennelse, men og alvorleg sjukdom som blodforgifting eller hjernehinnebetennelse som mange døyr av.



## Ta verksine dersom du:

- Er 65 år eller eldre
- Har sjukdom som gir immunsvikt
- Brukar medisin som svekker immunforsvaret
- Har sjukdomar eller andre tilstandar som gir auka risiko
- Risiko for smitte gjennom jobb

## Kva vaksiner har eg tatt?

Lurer du på kva slags vaksiner du har tatt, eller kor lenge det er sidan?

Opplysningane finn du på:



Les meir på  
[fhi.no/voksenvaksinasjon](https://fhi.no/voksenvaksinasjon)

## Kvifor skal eg vaksinere meg?

De fleste som får alvorleg pneumokokksykdom blir innlagde på sjukehus, og dødstala er høge. Pneumokokkbakterien finn ein i nase og svelg, særleg hjå friske born. Smitte skjer via dropesmitte, som hoste, nysing og liknande.

De fleste blir ikkje sjuke, men nokre har større risiko for å få alvorleg pneumokokksykdom. Vaksinen er det beste du kan gjere for å beskytte deg sjølv.

Fire ulike pneumokokkvaksiner er tilgjengeleg. Alle vaksinane gir god beskyttelse – legen din vil gi råd om kva for ein som er best for deg.

## Kor ofte bør eg vaksinere meg?

Vaksinane har god effekt. Oftast er det anbefalt ei ny dose pneumokokkvaksine kvart 6. år, men behovet for påfyll varierer etter kva vaksine du tek.

## Kan eg ta pneumokokkvaksine samtidig med andre vaksiner?

Pneumokokk- og influensavaksine kan takast samtidig, men i kvar si arm.

For pneumokokkvaksine og koronavaksine bør det gå ei veke imellom. Hugs: pneumokokkvaksine skal ikkje takast kvart år.

## Har vaksinen biverknadar?

Vaksinen kan gjer at du kan få ein hevelse og bli sår og raud på stikstaden, i tillegg til feber. Allergiske reaksjonar eller andre alvorlege biverknadar er sjeldne.

## Kor kan eg ta pneumokokkvaksine?

Sjekk med legen din, eller på nettsidene til kommunen, om kor du kan vaksinere deg.

Særskilte risikogrupper kan få vaksinen gratis på blå resept, men dei fleste må betale. Er du utsett for sjukdom gjennom jobb skal arbeidsgivar dekke dette.